

Årsmelding

Gol og Herad sokn

2020



Handsama i Gol og Herad fellesråd 18. mars 2021

INNHALDSLISTE

| | | |
|---|-------------|-----------|
| 1. Innholdsliste | side | 2 |
| 2. Helsing frå soknerådsleiar | side | 3 |
| 3. Visjon for kyrkja | side | 4 |
| 4. Organisering | side | 5 |
| 4.1. Sokneråd og fellesråd | side | 5 |
| 4.1.1. Ansvarsområde | side | 5 |
| 4.1.2. Samansetning av sokneråd og fellesråd | side | 6 |
| 4.1.3. Møter og saker | side | 6 |
| 5. Fellesrådet si verksemd | side | 8 |
| 5.1 Administrasjon | side | 8 |
| 5.1.1. Administrasjonsutvalet | side | 8 |
| 5.1.2. Møter og saker | side | 8 |
| 5.1.3. Tilsette | side | 8 |
| 5.2 Økonomi | side | 11 |
| 5.2.1. Innhald rekneskap | side | 11 |
| 5.2.2. Resultat drift | side | 11 |
| 5.2.3. Resultat investering | side | 11 |
| 5.2.4 Ansvarsområde | side | 12 |
| 5.2.4.1 Kyrkjeleg adm. , ansvar 41 | side | 12 |
| 5.2.4.2 Kyrjene, ansvar 42 | side | 12 |
| 5.2.4.3 Gravplassane, ansvar 43 | side | 13 |
| 6. Soknerådet si verksemd | side | 14 |
| 6.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar | side | 14 |
| 6.2 Konfirmantåret 2019 -2020 | side | 16 |
| 6.3 Kyrkjeutval | side | 18 |
| 6.4 Musikkarbeidet | side | 18 |
| 6.5 Diakoniarbeidet | side | 19 |
| 6.6 Trusopplæring | side | 22 |

2. HELSING FRÅ SOKNERÅDSLEIAR

Då har vi lagt bak oss det fyrste året i Gol og Herad sokneråd som eit sokn. Det har vore eit spesielt år for alle i 2020, også for Gol og Herad sokn. Soknerådsmøta våre blir halde på kommunehuset og nokon gonger i ei av kyrkjene. Då mars månad kom med korona, og dei smitteverntiltaka som då krevdest, måtte me ha møter på e-post og på Teams. Nokre møter vart halde i Gol kyrkje og Herad kyrkje der me kunne halde god avstand til kvarandre.

Året starta med innsetting av vår nye prest Arnstein Bleiktvedt. Det var ei fin gudsteneste 2. februar i Gol kyrkje med kyrkjekaffi på Gol bedehus etterpå. Det var mange som kom for å ynskje Arnstein velkomen. Kyrkjekaffi på bedehuset vart ei triveleg stund med underhaldning, taler og gode ord, sang, snittar, kaker og kaffi.

Med korona kom også mange smitteverntiltak for Gol og Herad sokn. Det vart nokon avlyste gudstenester, max antal personar i gudstenester, begravelsar og eigne dåpsgudstenester. Konfirmasjonen vart utsett til hausten og det vart ingen konfirmantfest. Det har vorte lagt ned mykje ekstra arbeid for å løyse alle smitteverntiltak i kyrkjene. Eg vil få rette ein stor takk til alle på kyrkjekontoret for det arbeidet de har lagt ned i denne krevjande tida med korona.

Den årlege fasteaksjonen med konfirmantane måtte også avlysast i år, men med digitale løysingar gikk fasteaksjonen sin gang på Vipps og facebook.

Soknerådet har i mange år hatt ei sak om brannvatn og sprinkling i Gol kyrkje under arbeid. No er endeleg dette på plass. Det er sett i gang arbeid med utviding av kyrkjegarden ved Gol kyrkje med mogleg oppstart våren/sommaren 2021. Vi har også fått på plass tjuverialarm i begge kyrkjene.

Dugnadane ved kyrkjegardane vart i år avvikla slik at alle kunne koma når dei kunne den dagen som var annonsert. Dette for å unngå for mange folk samtidig. Det vart heller ingen matservering. Vil med dette få rette ein stor takk til alle som stilte opp for å gjera kyrkjegardane våre fine og ryddige.

Diakon vår Martha har søkt om permisjon eit år frå nyttår. Me har fått på plass vikarar for henne. Sissel Rudningen arbeidar i 70% og Wera Waage Frogner i 30%. Velkomen til dei.

Julegudstenesta i år vart ikkje med fulle kyrkjer. På grunn av korona vart det påmelding med max antal personar.

Eg vil på vegna av soknerådet i Gol og Herad sokn få takke alle for godt samarbeid og for at de hjelper oss å halde dei smitteverntiltaka me må ha i denne merkelege tida med korona. Me ynskjer at det blir betre etterkvart og at det ikkje er nødvendig å setja grense for kor mange som kan få vera med i kyrkja under gudsteneste, dåp, konfirmasjon og gravferd. Med ynskje om betre tider for alle.

Helsing
Gunn-Astrid Frøysok
leiar i Gol og Herad sokneråd/fellesråd

3. VISJON FOR DEN NOSKE KYRKJA

Den norske Kyrkja har ein visjon for arbeidet over heile landet. Denne visjonen gjeld også for oss i Gol og Herad sokn.

Meir himmel på jorda

Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere

- ***vedkjennande***
Vi vedkjenner trua på og tilber den treeinige Gud saman med den verdsvide kyrkja.
- ***open***
Vi er eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald.
- ***tenande***
Vi viser miskunn, fremjar rettferd og vernar om skaparverket.
- ***misjonerande***
Vi vitnar om Jesus Kristus lokalt og globalt.

I perioden 2019–2021 skal vi arbeide for at:

- 1 - Gudstenestelivet blomstrar.*
- 2 - Fleire søker dåp og trusopplæring.*
- 3 - Kunst- og kulturuttrykk er ein del av kyrkja sitt liv.*
- 4 - Kyrkja engasjerer seg i samfunnet.*
- 5 - Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid.*
- 6 - Kyrkja skaper trygge rom.*
- 7 - Kyrkja har ein demokratisk og velfungerande organisasjon.*

I Gol var det planlagt ei strategisamling i mars der sokneråd og stab saman skulle koma fram til viktige målsetjingar for arbeidet i Gol og Herad sokn. På grunn av pandemien og lite mulighet for store fysiske samlingar, vart denne samlinga avlyst og det er ikkje utforma lokale mål for arbeidet.

4. ORGANISERING

4.1 Sokneråd og fellesråd

4.1.1. Ansvarsområde

I Gol kommune var det tidlegare to sokn – Gol og Herad. Frå 01.01.2020 vart desse to sokna slege saman til eit sokn og heiter nå Gol og Herad sokn.

Soknerådet har 8 valte representantar og 5 vararepresentantar som representerer båe dei to gamle sokna. I tillegg er soknepresten medlem av soknerådet.

Soknerådet med 8 representantar og sokneprest saman med ein kommunal representant utgjer kyrkjelege fellesråd.

I 2020 gjaldt fortsatt kyrkjelova som i § 9 seier noko om soknerådet sine oppgåver:

« Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv, særlig at Guds ord blir rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet. Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk innarbeides i soknet.»

§ 14 i den gamle kyrkjelova seier noko om fellesrådet sine oppgåver:

«Kyrkjeleg fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna og utarbeide mål og planar for den kyrkjeleg verksemd i kommunen, fremja samarbeid mellom sokneråda og ivareta sokna sine interesser i forhold til kommunen.»

I praksis betyr dette oppgåver på desse områda:

- mål og planer
- økonomiansvar
- personalansvar og personalforvaltning
- drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar



4.1.2 Samansetning av sokneråd og fellesråd

Soknerådet

| | <u>Medlemar:</u> | <u>Varamedlemar:</u> |
|------------|--------------------------------|------------------------|
| Leiar: | Gunn-Astrid Frøysok | 1. Bjørg Møllerplass |
| Nestleiar: | Jorunn Viljugrein Stake | 2. Ole Roar Hagen |
| Medlem: | Olveig Synnøve Engene | 3. Sigurd Sato |
| Medlem: | Ole Dag Møllerplass | 4. Marita Embre Stigen |
| Medlem: | Hilde Midtgård | 5. Heidi Bråten |
| Medlem: | Wenche Dahl-Michelsen Fløysand | |
| Medlem: | Evi Anita Torp | |
| Medlem: | Inger Lagmannsgård | |
| Prest: | Arnstein Bleiktvedt | Camilla Osnes |

Sekretær på kyrkjekontoret Thorunn Haugo har vore sakshandsamar og ført referat.

Fellesrådet

Fellesrådet har bestått av heile soknerådet pluss kommunal representant:

Frå kommunen: Heidi Granli Kristin Bakke Haugen

Kyrkjeverje Anne Gerd Jorde har vore sakshandsamar og ført referat.

4.1.3 Møter og saker

Både sokneråd og fellesråd har hatt 7 møter i løpet av 2020. Nokon av møtene har vorte halde fysisk enten på kommunehuset eller i ei av kyrkjene, noko har foregått på mail og fleire møter har vore på den digitale plattformen Teams.


Soknerådet har handsama 54 saker og Fellesrådet har handsama 48 saker i 2020.

Type saker soknerådet har handsama:

- årsmelding og rekneskap 2019 og årsmøte
- gudstenester og arrangement
- oppsett av kyrkjevertar
- offerlister og kven som skal få offer på dei ulike gudstenestene
- innsettelsesgudsteneste og fest på bedehus for ny sokneprest i februar 2020
- saker rundt konfirmasjon, samtalegudsteneste, konfirmantfest mm
- smitteverntiltak
- dugnad på kyrkjegardane
- godkjenning revidert diakoniplan
- liturgisk utstyr til barn
- forslag på personar til redaksjonen i kyrkjebladet
- bruk frå gåvekonto: biblar til helsetunet, gamle bilder frå stavkyrkjetomta og oppjustering av lydanlegget i Gol kyrkje
- startegisamling (utsatt grunna covid-19 pandemien)
- høyring om kyrkjeval

Type saker fellestrådet har handsama

- budsjett, rekneskap, økonomiplan, betalingsattsar og årsmelding
- sletting/rydding i bankkontoar og Vippskontoar i samband med samanslåing av sokna
- rapport etter eltilsyn og nye HMS – rutinar for el-arbeidet
- orientering om avviksmeldingar
- overføring av diakonimidlar frå ungdomskafe til pilgrimsvandringsprosjektet
- revidering av reglement for møtegodtgjerdse
- forslag kandidatar til landsrådet for KA (Kirkenes arbeidsgjevar og interesseorg.)
- utviding av gravplassen ved Gol kyrkje
- delegasjonsreglement
- rapport etter venerund
- rapport etter psykosial kartlegging i personalet
- høyring – endring i kyrkjeordning
- høyring – fjernmøter og skriftleg sakshandsaming kyrkjelege rådsorgan
- opphøyr av feste til område til parkering ved Kamben kapelltomt



5 FELLESRÅDET SI VERKSEMD

5.1. ADMINISTRASJON

5.1.1. Administrasjonsutvalet

Både ut frå kyrkjelova § 35 og Hovudavtalen for KA sitt tariffområde skal det opprettast eit administrasjonsutval for handsaming av saker som gjeld forholdet mellom fellesrådet som arbeidsgjevar og dei tilsette, med mindre partane avtaler at slike saker skal handsamast på annan måte.

Gol og Herad sokn har eit reglement for administrasjonsutval som seier:

«Administrasjonsutvalet består av 2 medlemmer valt av og frå fellesrådet og 1 medlem peika ut av og blant arbeidstakarane. Valet gjeld valperioden for soknerådet – for denne perioden 4 år. Det skal også veljast personlege varamedlem både for arbeidsgjevar – og arbeidstakar representantane. Fellesrådet vel leiar og nestleiar blant arbeidsgjevarrepresentantane i utvalet.»

Administrasjonsutvalet har i 2020 vore:

Medlem

Gunn-Astrid Frøysok - leiar i sokneråd og fellesråd
Jorunn Viljugrein Stake - nestleiar i sokneråd og fellesråd
Martha Frøyland Bleiktvedt - personalrepresentant

Varamedlem

Olveig Synnøve Engene
Inger Lagmannsgård
Thorunn Haugo

Kyrkjeverje Anne Gerd Jorde har vore sakshandsamar og ført referat.

5.1.2. Møter og saker

Administrasjonsutvalet har hatt 4 møter og handsama 4 saker. Det er saker om permisjon og tilsetting av vikar for diakon.

5.1.3. Tilsette

Tilsette i 2020:

| | | |
|-----------------------|----------------------------|---|
| Ludvig Munkejord | kyrkjetenar | 100 % |
| Knut Ole Klepp | kyrkjetenar inkl. reinhald | 40 % |
| Thorunn Haugo | sekretær | 50 % |
| | | + 20 % -vikar for kyrkjeverje |
| Martha Frøyland | diakon | 100 % |
| Justin Vickery | kantor | 100 % |
| Britt Marie H. Hafsås | trusopplærer | 100 % - 40% i Hemsedal og 60% i Gol og Herad |
| Anne Gerd Jorde | kyrkjeverje | 80 % - AFP i 20% |
| Tormod Skarsgard | klokkar | Timeløna |
| Birgit Hatten | klokkar | Timeløna |
| Gro Jordheim | klokkar | Timeløna |

Dei timeløna klokkarane er alle klokkarar i Gol kyrkje.
I Herad kyrkje er det kyrkjetenar Ludvig Munkejord som har klokkartenesta inne i si stilling.

Britt Marie Haraldset Hafsås er tilsett i 100%, men 40% av stillinga høyrer til Hemsedal og blir refundert derfrå.

Prestar

Arnstein Bleiktvedt vart tilsett som sokneprest og starta i februar 2020.
Camilla Osnes er tilsett som sokneprest i Hemsedal og har ein del tenester i Gol.
Båe prestane er tilsett av bispedømmerådet og prosten er deira leiar.

Vikarar for organist

Når organisten har frihelgar og ferie trengs det vikar. Som organistvikarar i 2020 har desse vore brukt: Audun Haugeplass
Kåre Sørum
Ingebjørg Solhjell
Gol er heldig som har fleire tidlegare organistar busett i kommunen.

Sumarhjelp på kyrkjegarden

Ibrahim Moustafa Chihada
Meriton Suhogrlla
Vebjørn Buøen Øynebråten

Ibrahim og delvis Meriton har også arbeid med flytting av gravminne etter omregulering på gravplassane.



Alle tilsette er viktige brikker for å få til eit heilt bilde

SAMARBEID I HALLINGDAL

Kyrkjeverjene i Hallingdal saman med prosten har hatt 4 fysiske samlingar 8 møter på Teams i løpet av 2020. Felles smittevern og kva som skulle skje i kyrkjene til ulike tider har vore det største temaet på dei fleste møta etter mars.

Trusoplærarar og diakonar har også regionale treff. Musikarane var samla til felles treff på Fausko Skyssstasjon 8. og 9. september.

Prestane i Hallingdal har samling kvar månad.

På gravferdsområdet skal det kvart år arrangerast eit dialogmøte med alle trussamfunn i lokalmiljøet. Kyrkjeverjene i Hallingdal bruker å samarbeide om dette møtet og det var planlagt i midten av november på Gol. På grunn av mykje smitte, vart møtet utsett på ubestemt tid.

SAMLINGAR I STABEN

Stabsmøter

Normalt har staben på Gol kyrkjekontor stabsmøte 2 timar annakvar tysdag. I tider med mykje heimekontor så har dei fleste stabsmøta foregått på Teams. I fleire periodar så har det vore møte kvar veke for å kunne ha meir kontakt når personalet har møttest sjeldan fysisk.

Stabsdag

18. august var heile staben og presten frå Hemsedal samla heile dagen på låven til sekretær Thorunn Haugo. Der var det god plass til å halde god avstand. Heile dagen vart brukt til planlegging av arbeidet utover hausten og på slutten av dagen var det også litt sosial samling ute på plenen med «kubb-konkurranse» mellom kvinner og menn. Dette har vorte eit fast innslag på sosiale samlingar i staben.

Julelunsj

Då hausten vart veldig nedstengt var det lite rom for fysiske samlingar. Einaste fysiske samlinga frå oktober til årsskifte var ein enkel julelunsj på «Kjerstis» med 1 meter avstand mellom alle. Dei fleste i staben deltok.



Arnstein i full konsentrasjon

5.2 ØKONOMI

5.2.1. Innhald rekneskap

Frå 1. januar 2020 vart Gol sokneråd og Herad sokneråd slege saman til eit sokneråd og Gol og Herad vart eittsokns. Rekneskapen som er lagt fram for 2020 er samanslege av dei tre tidlegare rekneskapa frå Herad sokneråd, Gol sokneråd og Gol kyrkjelege fellesråd. I tillegg er rekneskapen for Kyrkjebladet for Gol og Hemsedal innlemma i rekneskapen og dette er også nytt frå 2020. Både Kyrkjebladet og fleire andre prosjekt er ført på eiga prosjektnummer og sett på eigne fond og påverkar dermed ikkje rekneskapsresultatet til Gol og Herad sokneråd.

5.2.2. Resultat drift

Mindreforbruket for 2020 vart på 549 456 kr.

Året 2020 har vore eit spesielt år på grunn av pandemien og mange ting har vore lite forutsigbare. Dette året er det ekstra mange avvik frå budsjettet. Ein del inntekter kom ikkje inn grunna endring av aktivitetsnivå. Samtidig så er det også ein del utgiftspostar som har vorte mindre grunna mindre aktivitet. Andre postar har derimot vorte mykje større på grunn av innkjøp av andre ting enn normalt, blant anna alt utstyr i form av informasjon om alle tiltak i samband med covid-19 og ikkje minst forsterka reinhald og smittevernustyr. Noko smittevernustyr fekk vi frå kommunen gratis, noko er det betalt for til kommunen. Lønnsoppgjeret som i utgangspunktet var forventet som eit stort hovudoppgjer vart veldig forsinka og i tillegg vart det for fyrste gong streik i kyrkjeoppgjeret. Dette førte til at oppgjeret ikkje var klart før ei stund uti 2021, noko som også førte til stor usikkerheit i forhold til økonomien.

I 2020 har det kome mange ulike tilskot og Gol og Herad sokneråd har gjennom søknadar motteke tilskot på mange felt. Dette har ført til at det også har vorte gjennomført tiltak og innkjøp som i utgangspunktet ikkje var planlagt då budsjettet vart lagt. Når mindreforbruket vart så stort er det ei blanding av mykje ekstra tilskot og koronatiltak som blant anna refusjonar der personalet måtte ha heimeskule/heimebarnehage, nedsett arbeidsgjevaravgift og eit mykje lågare lønnsoppgjer, som i tillegg er utgiftsført på 2021 då det kom så seint. I tillegg så har eit nedstengt samfunn med mindre aktivitet ført til ein del mindre utgifter også.

5.2.3. Resultat investering

Det har jobba med to investeringsprosjekt i 2020.

- Brannvatn og sprinkling i Gol kyrkje vart ferdigstilt. Prosjektet hadde eit meirforbruk på 86 584 kr som er dekket av disposisjonsfondet.
- Utviding av gravplassen ved Gol kyrkje er under planlegging. Utgiftene går direkte inn i det kommunale rekneskapen, men blir synleggjort i kyrkja sitt rekneskap. Det er bokført utgifter på 287 799 kr i 2020 på dette prosjektet.

5.2.4. Ansvarsområde

Rekneskapet er delt i 4 ansvarsområde:

41 kyrkjeleg administrasjon, 42 kyrkjer, 43 kyrkjegardar og 44 andre kyrkjelege formål

5.2.4.1. Kyrkjeleg administrasjon , ansvar 41

Av saker som har vore arbeid med i 2020 kan nemnast:

- Administrative endringar i forhold til samanslåing av sokna og bytte av organisasjonsnummer som ny kontaktinformasjon til alle bedrifter vi får faktura frå, endringar i Brønnøysundregistra, bankkontoar mm.
- Skaffa digitalt arkivsystem. Systemet var ikkje klart før i august 2020 og på grunn av omorganiseringa bør arkivet vera frå januar 2020. Det står enno att ein del arbeid med å få alt inn i arkivet.
- Nytt oppdatert format på nettsida som gir betre brukarvenlegheit både på data, telefon og nettbrett.
- Jobba med arbeidsmiljø med blant anna psykososial kartlegging av personalet og HMS samling med stab, prost og bedriftshelseteneste.
- El-tilsyn og utarbeiding av nye skjema for el-kontroll i kyrkjene.
- Søknader på ulike tilskot til ulike formål – blant anna til digital satsing. liturgisk utstyr til barn og «pilgrimsløype» mellom kyrkjene.
- Innspeilingar og informasjon på digitale plattformer.
- Facebooksida til Kyrkja i Gol og Herad har nå 846 følgjarar.
- Revidering av reglement for møtegodtgjering
- Planlegging av innkjøp av digitalt utstyr for strømming (sjølve innkjøpet i 2021)
- Nye rammeavtaler for elektrisk arbeid og gravearbeid på kyrkjegardane

5.2.4.2. Kyrkjene, ansvar 42

Av saker som har vore arbeid med i 2020 kan nemnast:

- Brannvatn i Gol kyrkje med nedgraven tank og tekniske installasjonar i pumpehus for å få vatnet til sprinklinga, er nå på plass og sett i drift.
- Sprinkling av heile tårnkonstruksjonen i Gol kyrkje frå våpenhus og oppi tårnet, er ferdig.
- Tilstandsvurdering av Gol kyrkje- eit tiltak der mesteparten av utgiftene vart dekkja frå KA. Det største problemet i Gol kyrkje er lekkasje på taket.
- Innkjøp av barnelysglobe
- Av større vedlikehaldsoppgåver kan nemnast :
 - Utsifting av defekte relè på varmestyringa i Gol kyrkje
 - Utsifting av defekt varmekabel på inntaket på vatnet i Gol kyrkje (måtte grave opp ein del for å få reparert)
 - Tetta lekkasjar på sprinkelanlegget i Herad kyrkje (når det lekk siv det ut nitrogengass som står i røyra og nitrogentankane må skiftast hyppigare enn normalt)
 - Reperasjon av styringsskapet på varmestyringa i Gol kyrkje (utsifting av delar)

5.2.4.3. Gravplassane

Av saker som har vore arbeid med i 2020 kan nemnast:

- Innkjøp av ny grasklyppar
- Innkjøp av ny snøfresar
- Nye grunder på ein av inngangane ved Herad kyrkjegard
- Oppsett av elektriske kontakta for motorvarmar gravar og tining av graver ved austre port ved Herad kyrkjegard
- Flytta om lag 135 gravminne – eit arbeid som har pågått frå 2009 etter omorganisering på kyrkjegardane for å få alt etter nye mål der alle gravene på kvart felt nå er like store.
- Bolta opp ca 20 gravminne som hadde for dårleg bolting
- Årleg dugnad på gravplassane
- Sumarstell av 101 graver og planting på 95 graver
- Hauststell av 52 graver (sokneråda plantar)
- Teke ned det gamle og øydelagde gjerde på stavkyrkjetomta
- Arbeid med planlegging av nytt steinalter (det ligg aktuelle steinar på Robru hjå Møllerplass)



Gol mot Herad mest sannsynleg rundt 1910.

6.SOKNERÅDET SI VERKSEMD

6.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar

2020 har vært eit annleis år. Smitteverntiltak og sjukdom har prega alle dei kyrkjelege handlingane. Det meste gikk som normalt fram til februar-mars, tida då verden vart snudd på hovudet. Det har vært færre handlingar og også færre deltakarar. Dette pregar statistikken det har også prega måten me har feira dei kyrkjelege handlingane på. Gol og Herad sokn fekk også ny sokneprest i Januar. Arnstein Bleiktvedt tok over stafettpinnen etter Jan Olav Skinnemoen. Her følgjer ein gjennomgang av dei aktivitetane vi har hyppigast i kyrkja vår.

Gudstenester

Vi har feira 57 gudstjenester og hatt 2313 deltakarar. Antal gudstenester er omtrent likt som året før. Det er fordi det har blitt lagt til ekstra gudstenester, dåpsgudstenester og anna, for å vege opp for smitteverntiltaka. Antalet deltakarar har imidlertid over halvert seg i 2020. Dette hadde vi venta. Vi må også her ta med i rekninga gudstenestelivet vi har hatt på sosiale medier og i Hallingdølen kor antal følgjarar nesten veg opp antalet deltakarar i 2019. Dei digitale tala viser her kor stor jobb kyrkja har gjort med å snu seg rundt og bruke nye kanalar for å skape eit gudstenestefeirande felleskap. Både for prest og andre ansatte har dette vært ei utfordring som vi har lært mykje av. Både om gjennomføring og samarbeid, men også om at det beste er ei gudsteneste saman i felleskap i vårt lokale kyrkjerom. Felleskap og rom er ikkje noko vi skal ta for gitt når vi feirar gudsteneste. Det har vi lært no denne tida med pandemien.

Vi har hatt gudstenester i forskjellige former og regler. Alt frå heilt stengt ned, til vanlege gudstenester i januar/februar. Alt i mellom har vi tilpassa oss. Med merka benker, informasjon til deltakarar, 2 meters avstand ved fellessang m.m. Alt har krevd si planlegging og tilpassing. Julaften i Herad vart gjennomført utan salmesang i kyrkja, det vart heller glade jul og deilig er jorden ute på kyrkjebakken med open dør så orgelmusikken fekk sleppe ut. Til påske produserte vi 8 videosnuttar med andakt og musikk. Nokon ting har vært tilnærma som før om enn med nokon plassbegrensningar, som for eksempel allehelgenssundag. Det vart også arrangert ei innsetingsgudsteneste for Arnstein Bleiktvedt som normal før pandemien kom. Det var ei stor gudsteneste kor prosten også deltok. Etterpå var det mat og kake på bedehuset med talar og gode ord.

Gravferd

Når pandemien slo til var det ei grense på 20 deltakarar på gravferder. Det var ei vond opplevning for mange, heldigvis letta det etter kvart men gravferder er der smittevernet kjennast mest nådeløst og er vanskeleg å forhalde seg til. Heldigvis var det i den verste periode nesten ingen gravferder. Antalet ligg på 31 gravferder noko som er litt under snittet. Vi har også hatt reglar for gjennomføring av sermoneiane som har skapt mindre nærheit både i kyrkjerommet og ute ved grava. Mest av alt er det mangelen på fysisk berøring som er savna, men også det å bere ut blomane til grava i det vi ber kista ut. Tross alt har samarbeidet mellom kyrkje og gravferdsbyrå og pårørande her fungert og vi har fått gjennomført gravferdene tilfredstillande etter forholda vi har stått i.

Dåp

Dette året har vi hatt separate dåpsgudstjenester. Dei er gudstjenester med dåpsliturgien og ei liten preike frå presten. Ganske korte i sin form. Det har vært nødvendig for å gjennomført

dåp i det heile. Dåp fyller store delar av kyrkjerommet og det har vøre nødvendig å skilje desse ut for å få til ei vanleg gudstjeneste. Ofte har desse vært kl. 13:00 på sundagar. Nokon sundagar har vi berre hatt gudstjenester, av og til heile tre i talet. Dette har vært ei kjelde til meirarbeid for både prest og stab, men belønninga har vøre fornøgde dåpsfamiliar. I det heile har vi døypt 20 barn og vaksne i 2020.

Vielser

Etter gravferder har vielser lidd mykje under restriksjonane. Mange har utsatt og vi venter derfor eit stort antall vielser når pandemien lettar. Heldigvis for arbeidsmengda etter pandemien har nokon valgt å gifte seg til tross for smitteverntiltak. Ofte har dette blitt mindre og meir intime seremoniar, men ikkje mindre flotte av den grunn. Vi har hatt vielser med både 100 og 10 deltakarar. I alt har det blitt held 7 vielser i Gol og Herad.

Oppsummert

Året vart spesielt, og ein skal ikkje legge skjul på at det har vært vanskeleg. Men som vi har for vane i kyrkja ser vi stadig fram mot lysare tider då vi kan møtes der vi er, midt i livet, med alt vi ber på, saman, rundt Guds alter. Til gudsteneste, til gravferd, til vielse, til dåp. Det er fint og håpefullt å sjå at dei viktigaste tinga våre i livet tek vi med til kyrkja og at det er viktig for oss. Vi ser at det er viktig for mange og at når det skjer noko med måten vi kan samlast på i kyrkja rører det ved røter og djupe kjensler i oss. Det er viktig for oss å ta med det kjæraste vi har innfor ein større verkelegheit, den verkelegheita som er *i* og *ved* Jesus Kristus.

Sokneprest i Gol og Herad
Arnstein Bleiktvedt



6.2 Konfirmantåret 2019 -2020

Konfirmantane i 2019 – 2020 fekk eit delt år. Alt begynte som normalt men dei mista store delar av våren. Samtidig var dei heldige då dei fekk gjennomført store delar av konfirmantåret sitt, som vi no skal sjå. Konfirmantprestane i år var begge vikarar før den eine til slutt fekk fast stilling som sokneprest. Konfirmantprestane for desse konfirmantane var Arnstein Bleiktvedt og Ruth Kari Sørumshagen.

Presentasjonsgudsteneste

Kvar haust er det ein presentasjon av konfirmantane for menigheten. Dette skjer på presentasjonsgudstenesta. Der blir det delt ut bibel til kvar konfirmant ettersom dei blir ropt opp og vi har til slutt ein flott gjeng ungdom oppe i koret i kyrkja. Dette er ein fin tradisjon og ein god måte å markere starten på konfirmantåret. Konfirmantprestane vil tilføye at det kan gjerast ein jobb i å kommunisere at dette er ei gudsteneste for heile menigheten og ikkje berre for konfirmantane, det er ofte ikkje andre enn konfirmantar og foreldre som møter opp på denne dagen.

Konfirmantsamling

Konfirmantsamlingane vart gjennomført på bedehuset, men også av og til i kyrkjene i Gol og Herad, ein onsdagskveld i månaden. Hausten var prega tå ein sein start for at vikarane skulle koma seg inn i oppgåva. Når samlingane kom i gang var det ein stor og aktiv gjeng med mange spørsmål som møtte opp til undervisning, leik og aktivitet. Det vart halde fokus på at det ikkje berre skulle vere undervisning men også dialog og aktivitet for å tilrettelegge for fleire typar læring. Til advent var det hyggestund på bedehuset med bollar og kakao som soknerådet hjalp til med.

Konfirmantleir

I år gjekk turen til HEKTA på Lillehammer. Det er ein stor leir for konfirmantar og ungdommar med rundt 1000 deltakarar. Vi tok buss frå Gol på fredagen og var heime att sundag kveld. Det er helg med artige og spennande aktiviteter ute og inne, samtalegrupper, talarar, song og musikk, litt undervisning og seine kveldar. Dei ansatte og frivillige hadde inntrykk av at konfirmantane hadde ei fin helg.

Det var likevel ikkje lett å vera på ein så stor leir. Vi som var ansatte og frivillige hadde vanskar med å følgje med og halde styr på konfirmantane. Det var ikkje ei udelt god erfaring vi hadde og mange av problemane meiner vi stammar frå ledelsen i HEKTA. Vi gjorde ei grundig evaluering og tenkjer at om vi skal dit ei gang til vil det bli betre for vi veit kva som vil møte oss. Det er viktig at ein ser attende på erfaringane vi gjorde oss dette året før neste gang ein reiser. Evalueringa stadfestar likevel at konfirmantane fer ei større opplevning på HEKTA enn på den lokale leiren vi har arrangert tidlegare. Det er altså ønskeleg å reise dit fleire år.

Konfirmantfestival

Konfirmantfestivalen på Gol for heile Hallingdal vart i år avlyst. Vi rakk akkurat ikkje å arrangere dette for same veka starta nedstegninga av landet. Vi prøver om att når pandemien er over.

Fasteaksjon

Fasteaksjonen 2020 vart ikkje gjennomført med bøsseer. Den foregikk heller digitalt. Det vil si at konfirmantane og foreldra delte aksjonen på sosiale medier og prøvde å samle inn pengar

på den måten. Det vart ikkje samla inn like mykje som tidligare år, men konfirmantane gjorde likevel ein god jobb i å dele på sosiale medier og vi fekk inn ein god sum.

Samtalegudstenester

Desse vart i år avlyst då konfirmasjonene også vart utsatt. Det same vart konfirmantfestane som soknerådet arrangerer på bedehuset.

Konfirmasjonsgudstenester

Konfirmasjonsgudstenestene vart i år utsett til oktober for at konfirmantane skulle få med seg så mange gjester som mogleg. Det var likevel restriksjonar og kvar konfirmant fekk omtrent 10 gjester kvar. Vi måtte også ha fleire konfirmasjonsgudstenester for å få plass og vi leigde også inn «nesbyen nett no» for å strøyme gudstenestene for dei som måtte sitte heime. Det var gode dagar i oktober så til tross for at det blei eit langt hopp mellom konfirmasjonstida og konfirmasjonane opplevdes det godt å få gjennomført desse, både for prest og konfirmantar.

Oppsummering

Av dette ser vi at sjølv om delar av konfirmantåret forsvann så fekk dei gjennomført ganske mykje. Vi trur at leiren på Lillehammer kjem til å stå att som eit viktig minne for mange. Sjølv om mange også kjem til å hugse den usikre tida fram mot konfirmasjonane på hausten. Det var mykje arbeid å finne nye datoar og vanskeleg for foreldra som hadde ein konfirmasjon å planlegge når så mange ting stod uavklart i så lang tid. Vi kom oss alle gjennom og fekk eit godt konfirmantår trass alt vi stod i.

Sokneprest i Gol og Herad
Arnstein Bleiktvedt



Konfirmantar i fakkeltog på Hekta- leiren

6.3 Kyrkjeutvala

Det er valt eit kyrkjeutval for kvar av kyrkjene, men på grunn av koronaen så har aldri desse utvala vorte samla og kome i gang med arbeidet sitt.

6.4 Musikkarbeidet

Kyrkjemusikkutvalet

Medlemmer: Wenche Dahl- Michelsen Fløysand og Karianne Østro.

Vara: Gunn Astrid Frøysok.

Kyrkjemusikkutvalet hadde eit møte 29. januar 2020.

Musikk har spilt en viktig rolle i 2020 til tross for vanskelige tider - gjennom konserter, musikkandakter, og gudstjenester.

Den 1.mars var det orgelkonsert med kantor Justin Vickery. Den 28. juni var det konsert med bratsjist Povilas Syrrist Gelgota og kantor Justin med urfremføring av et verk ved lokal komponist Arild Jensen.

Skjærtorsdag ble det strømmet en orgelmeditasjon for påsketiden fra Gol.

I sommer på Gol stavkyrkje var det 5 kveldsbønner med lokale musikere. Også i sommer ble det folkemesse som vanlig med forsanger og lokale folkemusikere – Birger Liahagen og Rebecca Loft.

Årets adventskonsert var fremført av tre solister, fløytist og orgel, og ble strømmet fra Gol kyrkje med et begrenset publikum som kunne være til stede. Gjennom året har forsanger bidratt mye i gudstjenester - en spesielt takk til Gunnar Slåtto som har sunget mye og beriket gudstjenester med hans fin stemme.

Samarbeidet med lokale musikkere har vært veldig viktig - Karianne Østro spilte saksofon til konfirmasjoner og Ellen Storla bidro med flott trompet spill på julaften. På Allehelgensdag i Herad fikk vi besøk av cellist Susanne Engelman som spilte så fint og samme dag i Gol kom det vakre fløytetoner fra Linda Krydsby.

Digitale fremføringer har vært viktigere i år enn til vanlig og kantoren har spilt inn mange fine salmer og orgelstykker som er tilgjengelige på kirkens Facebook side. Vi håper på bedre tider i 2021 og gleder oss til den dagen at korsang kan fylle kirkene igjen.

Organist Justin Vickery



6.5 Diakoniarbeidet

Diakoniutvalget

Medlemmer: Olveig Engene (leder), Inger Lagmannsgård, Bjørg Hoftun, Ingebjørg Solhjell og Martha Frøyland Bleiktvedt

Varamenn: Hilde Midtgård

Antall møter: 3 (Januar, september og desember)

Tiltak og aktiviteter

- Samtaler/hjemmebesøk/sognebud

Antall hjemmebesøk: 77

Antall samtale utenom hjemmebesøk: 38

Antall telefonsamtaler under nedstigning pga korona (mar-mai, okt-nov): 96 samtaler med 40 personer

Antall sognebud: 1

- Gratulasjonsbesøk til 90- og 100-åringer

14 personer som fylte enten 90 eller 100 i 2020 fikk tilbud om besøk enten av diakonen eller frivillige. Gullrekka og Amadeus har vært med å lage gavene.

- Sorgarbeid

- Sorgarbeid for voksne

En sorggruppe med 4 deltagere og 2 ledere (kreftkontakten og diakonen) har vært samlet 6 ganger i periode mellom september og desember.

Dem som har mistet en av sine nærmeste i det siste året, fikk invitasjon til en åpenkveld for sørgende på bedehuset 12. nov. Da det ikke var noen påmeldte avlyste vi møtet.

- Sorggruppe for barn som har mistet en av sine nærmeste

Sorggruppe for barn startet opp i september 2019 i samarbeid med Psykisk Helse, skolehelsetjenesten og kreftkontakten. Tilbudet er gratis og åpent for alle i Hallingdal. 8 barn med foresatte og 2 ungdommer deltok. Sorggruppa går over 6 samlinger, og vi hadde planer om å ha de 3 siste samlingene i vår. Aller siste samlingen måtte vi dessverre avlyse grunnet korona.

- Temasamling om sorg for brukere hos Psykisk Helse

Etter forespørsel fra Psykisk Helse hadde diakonen en temasamling om sorg for brukere hos dem 11. september. Det var litt teori om sorg og sorgreaksjoner, musikk, lystenning og delestund.

- Andakt og nattverdsgudstjeneste på Gol helsetun og omsorgsboliger

Antall andakter: 13 på Helsetunet, 6 på Rundingen

Antall gudstjenester: 1 gudstjeneste med nattverd, 1 digital gudstjeneste og 1 fysisk gudstjeneste (juleaften) på Helsetunet.

- Diakonens time

Diakonen og Ingebjørg Solhjell besøker omsorgsboliger og dagsenteret. En-times program med sang, fortelling, bildevisning og lystenning.

Furuvegen, Torstadvegen og Blågangen fikk 4-5 besøk.

Dagsenteret fikk 4 besøk.

- Åpen kirke i Herad kirke – stillhetsarbeid

Herad kirke er åpen for stillhet, meditasjon, bønn og lystenning hver tirsdag mellom kl.15-16.
Antall kvelder: 34

I tillegg hadde vi Åpen kirke i Gol kyrkje langfredag og 1.påskedag.

- Forbønnsstjeneste

- Forbønnsgruppe

4 frivillige og diakonen har startet opp en forbønnsgruppe i høst, som samles annen hver uke for å be for menigheten.

- Åpent hus på Gol bedehus

Formiddagstreff siste torsdag i måneden.

Komite: Sigrid Hoftun, Mari Eiklid, Inger Lagmannsgård, Solveig Bleiktvedt og Martha Frøyland Bleiktvedt

Antall treff: 5 (- måtte avlyse samlingene i mars, april, mai, oktober og november, og tur i august grunnet korona)

- Eldres dag

Ble gjennomført 27. september i Gol kyrkje med 74 deltagere i gudstjenesten. Helselaget hadde kirkekaffe i kyrkja etter gudstjenesten. Vi valgte å ha det i kyrkja i år istedenfor Helselagsstugu på grunn av at det var bedre plass.

- Sangstunder for mennesker med nedsatt funksjonsevne

Annen hver onsdag på fellesstua på Helsetunvegen fram til koronautbruddet. I august startet vi opp igjen på Helselagsstugu. I høst har vi ikke hatt matsservering i pausen. Fikk økonomisk tilskudd fra Kristelig Studieforbund som tidligere.

Antall deltagere: 12 brukere + ansatte/ledsagere, Martha Frøyland Bleiktvedt (leder) og Justin Vickery (piano).

Antall sangstunder: 10 (adventsstund 2. des i Gol kyrkje inkludert)

- Kirkekaffe

De fleste kirkekaffene som diakoniutvalget skulle stille opp, ble avlyst grunnet korona. Diakoniutvalget ordnet kirkekaffe etter sangstund 2.des.

- Arbeid rettet mot innvandrere

- Torsdagstreff for kvinner og barn

Flerkulturelle treff for kvinner og barn på Helselagsstugu tredje torsdagen i måneden. Det er et samarbeid med Gol Helselag, Røde Kors og Diakoniutvalget.

Komite: Gunhild Sørnum (Gol Helselag), Solveig Lindheim (Røde Kors), Marie Louise Mole, Selmavit Tesfayesus, Haifa Saatawi, og Martha Frøyland Bleiktvedt

Antall treff: 4

Vi måtte avlyse flere treff og sommertur grunnet korona. I periode mellom juni og september har vi hatt møtepunkt på kjøkkenhagen vår på Renslotunet hver onsdag. Se egen årsmelding.

- Språkkafé

Samarbeid med Gol bibliotek. Målet var å ha språkkafé første torsdag i måneden, men ble ikke slik i år grunnet korona. Vi har hatt 3 samlinger.

- Kirkens Nødhjelps fasteaksjon

Tradisjonell fasteaksjon var ikke gjennomførbar i år. Konfirmantene fikk digital undervisning i forkant, og var bøssebærere digitalt – dvs. de samlet inn penger til KN gjennom facebook. Gol og Herad sokn samlet inn til sammen 39 091 kr.

- Rullatormila

I samarbeid med Dagsenteret på Helsetunet, ble det arrangert et helt overkommelig rullatorløp, Rullatormila, i sommer 2019. Vi hadde planer om å ha det i år også, og søkte støtte til Sparebank1 og Skue sparebank. Fikk 5000 kr. fra Sparebank1. Vi måtte dessverre avlyste arrangementet grunnet korona-situasjonen. Pengene blir overført til neste år. Idéen om Rullatormila fikk vi fra Modum menighet, som har hatt arrangementet i over 10 år med stor suksess.

- Bibellesegruppe

Annen hver mandag kl.19-20 på Gol bedehus samlet rundt 10 personer for å lese Apostlenes gjerninger sammen i vår. Etter koronautbruddet ble det vanskelig å møtes. Gruppen har blitt lagt på is siden.

- Pilegrimsvandring

Nytt prosjekt som ble til i koronatid inspirert av mange som gikk på tur rundt Gol kyrkje. Når vi ikke kan samles i kirkene kan vi benytte oss av turområde rundt, og minne hverandre på vakker natur som Gud har skapt.

Fikk råd fra Jørn Magne Forland i kommunen, og lagde en rundtur på 17 km som går mellom Gol kyrkje, gamle stavkyrkjetomta og Herad kyrkje. Diakoniutvalget hadde midler igjen fra ungdomskafé-prosjektet. Vi brukte disse midlene til å finansiere dette prosjektet. Hedvig Lien designet pilegrimslogo for oss. Ruta er blitt skiltet, og beskrivelse av opplegget med kart er skrevet ut og lagt på kirkene og turistkontoret.

På sikt er det et mål å ha årlig pilegrimsvandring med gudstjeneste.

Gol, den 17.desember 2020

Martha Frøyland Bleiktvedt



Torsdagstreffet sin kjøkkenhage på Renslotunet

6.6 Trusopplæringa

Trusopplæringsutvalet:

Medlemmer: Marita Embre Stigen, Jorunn Viljugrein Stake, Heidi Bråten og Hilde Marie Berget. Vara: Evi Anita Torp.

Trusopplæringsutvalet hadde eit møte i januar der ein evaluerte tiltaka frå 2019 og planla framover. På eit godt møte i haust kom det fram gode innspel til trusopplæringsarbeidet framover. Vi håpar å få sett i verk ein del av dette når koronatiltaka lettar.

Tilsette:

Britt Marie Haraldset Hafsås har 60% stilling som kyrkjelydspedagog i Gol og Herad og 40% i Hemsedal. Ho vart mykje heime med ungar då skule og barnehage var koronastengt, og hadde i tillegg drøyt ein månad heime med sjukt barn i november/desember. Gerd Eli Berge har fungert noko som tilkallingsvikar.

Dåp og dåpsbesøk:

I 2020 vart 16 born døypt i Gol og Herad. Trusopplæraren har ansvar for å skaffe materiell til utdeling ved dåpssamtalen og til dåpsbesøk ved 1-, 2- og 3-års dåpsdag. På dåpsbesøkmøte i januar delte vi ut 23 dåpsbarn døypt i 2019, pluss seks tilflyttarar døypt i 2018 og 2017. Det var 15 frivillige dåpsbesøkjorar som til saman hadde ansvar for ca 81 born i 2020.

Babysong:

Babysong vert arrangert i samarbeid med Frelsesarmeen. 14 born med i løpet av året. Det var tydeleg at tilbodet var sakna i dei periodene vi måtte stenge.

(snart) Førsteklasses:

(snart) førsteklasses hadde ei samling før utdeling av bøker på gudsteneste i mars. I tillegg skulle forestilling med Kirkerottene 11. mars inngå i opplegget for seksåringane, men denne vart utsett grunna korona. (Og seinare utsett ein gong til før den i januar 21 vart endeleg avlyst.) 4 stk deltok i mars av 27 døypte i kullet.

Tårnagenthelg:

Tårnagenthelga i juni vart ein digital-/heimeversjon. Det vart spelt inn ein film i Gol og Herad kyrkja i forkant som vart sendt til deltakarane før helga. Denne såg deltakarane heime før dei vart sendt ut på oppdrag i lokalmiljøet og på kyrkjegarden i Herad. Filmen inneheldt ein del hint om kvar i Herad dei kunne finne ei agentgåve (Tårnagentbuff og tårnagentavis). På kyrkjegarden i Herad utførde dei i tillegg oppdrag symboljakt. 8 agentar frå 3.klasse deltok.



Tårnagentar har laga «håpshjarta» i koronatider



Skikkeleg tårnagent

Gardsbesøk og den gode hyrde
Gardsbesøka vart avlyst grunna korona.

Middelalderdagen for 4.trinn
Avlyst grunna korona

Trusopplæring i naturen (Når eg ser din himmel)
Ikkje gjennomført i 2020.

4-årsbok
4-årsboka vart utdelt på ei felles gudsteneste i Gol kyrkje i september. Der var det Sprell Levande gudsteneste med deltaking av Gullrekka. 8 fireåringar fekk bok. Samlingane i forkant av gudstenesten vart avlyst då det berre var ein påmeldt.

Gullrekka – 5 år:
Femåringane i Gol og Herad fekk ein spesiell invitasjon til å vere med på Gullrekka i september, og på gudstenesten der og Gullrekka og fireåringane deltok. Der fekk dei utdelt ein DVD med Kirkerottene. Berre 2 femåringar deltok.

Helmax helaften:
Avlyst grunna korona

KA-dag:
Avlyst grunna korona – denne dagen vart i staden brukt til aktivitetsdag for konfirmantane i Hemsedal

Lys Vaken:
Avlyst grunna korona. I staden vart det ei samling kalla «Lys i mørketida» laurdag kveld med 5.-klassingane. Vi var ute, fyrst på kyrkjegarden og så med lystenning, bål og leik på stavkyrkjetomta. 7 femteklassingar deltok og 3 ungdomar hjelpte til.

Julekrybbevandring:
Berre barnehagen i Herad fekk til julekrybbevandring i koronatida. Dei hadde 2 grupper på vandring i Herad kyrkje

Konfirmanter:
Til saman var det 44 konfirmantar i Gol og Herad i 2020. Vi rakk å vere med på HEKTA konfirmantleir på Lillehammer før landet stengte ned. Konfirmantfestivalen i mars vart avlyst.

HEKTA teen camp: to ungdomar var med på teen camp på Lillehammer og var ungdomsleiarar på konfirmantleiren

Gullrekka:
Trusopplæraren har ansvar for fellessamlingane på Gullrekka og har hatt ei gruppe med småbarnssang for dei under 4 år i lag med ein vaksen. Gullrekka er på Gol bedehus ein fredag i månaden. Trusopplærar har og hovudansvar for rapportering av 10-13 på Gullrekka og kontakt inn mot Acta. Etter fellessamlingane på Gullrekka går 10-13 stort sett opp i gymsalen og har ulike aktivitetar der. Etter koronautbruddet har Gullrekka hausten 2020 hatt noko tilpassa opplegg der mat og fellessamling utgår. Trusopplæraren har i den perioden vore med

på gruppe for 0-6 år. I løpet av 2020 vart det 7 samlingar og 31 born var innom, 14 i gjennomsnitt. Merkbart mindre i koronatida enn tidlegare.

Amadeus:

Amadeus vart tydeleg prega av korona. Vi hadde eit par samlingar før utbruddet, med 6-7 deltakarar. Det vart ei digital samling på teams i april. I haust var det planlagt ei fysisk samling, men den vart avlyst grunna koronautbrot på Gol.

Vandring gjennom Bibelen for barn (VGBB):

Trusopplæraren har ikkje hatt oppdrag i skulen på Gol i kalenderåret 2020.

Andre tilbod til barn og unge i regi av kyrkja:

Fårefestivalen: Det var planlagt stand i 2020 og, men så vart festivalen avlyst.

Leirstøtte: Ingen leiraktivitet i 2020.

Fagleg samarbeid og kurs:

Trusopplærarane i Hallingdal har møttest 1 gong digitalt.

Britt Marie deltok på fagdag arrangert av bispedømmet i februar. Ho deltok og på eit dagskurs om bruk av «bibelverssanger» i tilknytning til baby-/småbarnssang og andre trusopplæringstiltak arrangert av IKO i Oslo i februar.

Trusopplæringskonferansen var digital i år. Her var det gode grupperabattar, noko som gjorde at vi kunne legge til dette for å få med fleire frå staben og fleire frivillige. Vi arrangerte ein lokal «inspirasjonskveld». Totalt var 7 stk påmeldt frå Gol og Herad.

Takk

Takk til alle som har vore med å bidrege i trusopplæringa – tilsette, frivillige, foreldre og føresette! Dette har vore eit annleis år med mange nye utfordringar, og ein del har på mange måtar blitt sett på vent. Likevel må vi stå på vidare, prøve å tenke litt nytt, og håpe på ei betre tid etter kvart i 2021.

Det er eit stort og gjevande arbeid me får vera med i – å bringa barn og unge til Kristus.

Takk til Han som har gitt oss tenesta og oppgåva: « Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

Britt Marie Haraldset Hafsås



Babysang



Konfirmantleir